

Notat

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skriven: 04.10.2006
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Kristine Enger
Saka gjeld: **Aukande medisinnutgifter for pasientar på legemiddelassistert rehabilitering (LAR)**

Styresak 082/06 O
Administrerende direktør si orientering pkt. 8

Styremøte 11.10. 2006

Bakgrunn

Vi har to LAR-sentre i vår region, det er Avdeling for legemiddelassistert rehabilitering ved Stiftelsen Bergensklinikkene og det er LAR-Rogaland ved Frelsesarmeens Bo- og Behandlingssenter. Begge sentra melder nå ifrå om at dei ikkje har tilstrekkelige midlar til nødvendige medisinnutgifter til dei pasientane som er på legemiddelassistert rehabilitering. Forklaringa er at pasientar på LAR har auka betydelig dei siste åra, og at auken i år ser ut til å bli større enn forventa.

Sentra har ikkje moglegheit til å innføre "inntaksstopp" av økonomiske årsaker, og er forplikta til å gje eit tilbod til pasientar med rett til nødvendig helsehjelp innan den individuelle fristen. Dette er pasientar som oppfyller gitte nasjonale kriteria. Dei skal vere over 25 år, ha hatt eit langvarig, opiatdominert misbruk og ha prøvd medikamentfri behandling utan å ha lukkast. Pasientar som har ein kronisk, livstruande sjukdom kan starte opp med LAR behandling sjølv om dei ikkje oppfyllar kriteria.

Dette er pasientar som ikkje vil kunne få hjelp gjennom NAV Pasientformidling i Rikstrygdeverket, om dei ikkje får behandling innan den individuelle fristen. Dei er avhengige av eit lokalt LAR-senter som samarbeider tett med heimekommunen, og ein heimekommune som følgjer opp med nødvendige rehabiliteringstiltak. Helse Vest må difor vere ekstra merksame på at denne pasientgruppa får den behandlinga dei har krav på.

Stiftelsen Bergensklinikkene har 415 pasientar i behandling pr. 31. august 2005 og reknar med oppstart for ytterlegare 70 pasientar før årsskiftet. Til samanlikning hadde senteret 327 pasientar på same tid i fjor.

LAR-Rogaland har 370 pasientar i behandling og reknar med oppstart for mellom 20 – 50 nye pasientar før årsskiftet. Til samanlikning hadde senteret 340 pasientar på same tid i fjor.

For regionen gir dette ei auke i pasientar på LAR på ti prosent frå 31. august 2005 til 31. august 2006. På landsbasis har talet på pasientar auka i denne perioden på 17 prosent. Det er no totalt 4000 pasientar på LAR i Noreg.

Etter at LAR-sentra blei ein del av spesialisthelsetenesta og pasientane fekk pasientretter, brukar dei mykje meir ressursar til dokumentasjon av behandlingsresultat for den einskilde pasient. Nokre gongar skriv dei ut pasientar frå LAR behandlinga på grunn av aktiv rusing og økt overdosefare. Sendar pasienten då ei klage til Helsetilsynet, er denne dokumentasjonen nødvendig.

På personellsida er sentra allereie svært pressa, fordi talet på pasientar per behandlar også har auka mykje dei siste åra. Sentra har i tillegg gjort kva dei kan for å presse prisen på medikamenta gjennom gode avtaler med ulike apotek om produksjon og distribusjon av medikamenta. På tross av det, står dei no i denne vanskelege situasjonen, der budsjetta ikkje er tilstrekkelege til å dekkje inn dei heilt nødvendige medisinerutgiftene.

Det er Sykehusapoteket i Trondheim som framstiller og leverer metadon til pasientar som har starta opp på LAR ved Stiftelsen Bergensklinikkene. Pasientar som har starta opp på LAR ved LAR-Rogaland får metadon produsert og levert frå Apotek 1 Kopervik, Apotek 1 Løven i Haugesund, Apotek 1 Viben på Bryne og frå Vitusapotek Løven i Stavanger. Til no har ikkje våre eigne sjukehusapotek kome med konkrete innspel om å overta produksjon og leveransar av metadon.

Frå sentralt hold har ein vore klar over auken i LAR pasientar og det blei difor løyvd øyremerka midlar til LAR både i revidert statsbudsjett for 2004 og i 2005. I 2006 kom det ikkje nye midlar til LAR, men det er varsla ein nasjonal opptrappingsplan innan rusfeltet som blir gjort kjent samtidig med det komande statsbudsjettet.

Økonomisk situasjon

Utdrag frå vår bestilling til Stiftelsen Bergensklinikkene for 2006:

"Stiftelsen Bergensklinikkene skal også gi tilbud om legemiddelassistert rehabilitering gjennom Metadonklinikken. Tilbudet skal gis i henhold til nasjonale og regionale retningslinjer."

"Basistilskuddet utgjør for 2006:

- Kr 61 226 000,- (fratrekk for egenandel er 972 000,-)
- I tillegg er det satt av kr 23 839 000,- til legemiddelassistert rehabilitering

Dette vederlaget utgjør den hele og fulle betaling som Helse Vest skal yte til utfører i henhold til denne avtale i 2006."

Avdeling for legemiddelassistert rehabilitering ved Stiftelsen Bergensklinikkene (tidligere Metadonklinikken) har 850 000,- kroner for lite til å dekke nødvendige medisinerutgifter for 2006.

Utdrag frå vår bestilling til Frelsesarmeens bo- og behandlingssenter for 2006:

"Frelsesarmeens bo- og behandlingssenter skal også gi tilbud om legemiddelsassistent rehabilitering gjennom enheten LAR-Rogaland. Tilbudet skal gis i henhold til nasjonale og regionale retningslinjer."

"Basistilskuddet utgjør for 2006:

- kr 11 597 000,-

Tilskudd til legemiddelassistert rehabilitering for 2006:

- kr 17 747 000,-

Dette vederlaget utgjør den hele og fulle betaling som Helse Vest skal yte til utfører i henhold til denne avtale i 2006."

LAR-Rogaland har 1 440 000,- kroner for lite til å dekke nødvendige medisinerutgifter for 2006.

LAR-Rogaland hadde ei underdekning av medisinkostnadene i 2005 på nærare ein million kroner, som senteret dekkja inn med oppsparte midlar frå 2004. Dei hadde difor ei høgare styringsfart inn i 2006 enn det budsjettet for 2006 tok høgde for. Det er årsaka til at den økonomiske situasjonen no er meir alvorleg for dette senteret.

Oppsummering

Det er behov for totalt 2 290 000,- kroner for å dekke dei nødvendige medisikutgiftene til legemiddelassistert rehabilitering (LAR) i regionen for 2006. Ein reknar at nærmare 900 pasientar i regionen vil vere på LAR ved årsskiftet 2006/2007.

Helse Vest RHF vil be Apoteka Vest HF vurdere om dei kan produsere og levere metadon til dei to LAR-sentra i regionen til ein konkurransedyktig pris eller forhandle fram avtaler som sikrar medikamenta til ein konkurransedyktig pris.

Administrerande direktør ser ikkje anna løysing enn at Stiftelsen Bergensklinikkene og LAR-Rogaland får overført totalt 2 290 000,- kroner for å dekke nødvendige medisikutgifter til legemiddelassistert rehabilitering.